

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

1.søndag i fastetida – 5. mars 2017

Preiketekst: Matt 4,1-11

Lesetekst I: 1 Mos 2,8-9; 3,1-8

Lesetekst II: Jak 1,12-16

Jesus sigra i freistingane

Jesu blir freista

Både Matteus, Markus og Lukas fortel at Jesus vart freista av djevelen, og dei fortel alle at det skjer direkte etter at han vart døypt av Johannes i elva Jordan. Ingen av dei fortel kvar dette hende, men ein lokal tradisjon som er stadfesta på 11-hundre talet, peiker ut Judea-ørkenen med dei ville fjellområda nord for Jeriko. Der ligg det 366 m høge fjellet Quarantania som vert kalla Freistingsfjellet med det gresk-ortodokse Freistingsfjellet kloster oppe i fjellsida.

Matteus og Lukas kallar freistaren 'djevelen' – 'diabolos' = 'baktalar', som er den greske omsetjinga av det hebraiske 'satan' som tyder 'motstandar' eller 'klagar', og som Markus brukar. I NT er han freistaren som har som mål å lokke menneske til fråfall frå Gud. Tilværet er ein kampplass mellom Gud og djevelen, men Gud er den som sigrar.

Ordet for 'å freiste' kan også omsetjast 'å setje på prøve', og kan ha som subjekt anten Gud eller freistaren. Skilnaden er at Gud set menneske på prøve, medan djevelen freistar oss til å gjer feile val.

Når Jesus blir freista, er det sjølvsagt heil reelt, og det er Gud som set han på prøve ved å føra han fram for djevelen for å bli utsett for freistingar. Å leia Jesus ut i dette, er den første oppgåva Anden får etter at han kom ned over Jesus under dåpen i Jordan. Det må tyde at dette har ei klar meining i samanheng med den oppgåva Jesus har fått å utrette som Guds Son på jorda.

Jesus overvann freistaren

Ut frå måten Markus og Lukas skriv om tida i øydemarka, er truleg realiteten at Jesus var utsett for djevelen sine freistingar gjennom alle dei førti døgn han var der. Markus nemner ikkje konkrete freistingar i det heile, medan Lukas nemner dei same tre som Matteus. Det er tre konkrete freistingar i tre ulike situasjonar – djevelen sitt forslag om å gjere steinar til brød, og det er forslaget om å kasta seg ned frå tempelmuren så han kan bli berga av englar, - og til sist tilbodet om å få herredøme over heile verda ved å kaste seg ned og tilbe djevelen. Men er det mogeleg bak dei konkrete freistingane å sjå ei djupare utfordring?

Når vi går til skriftene i GT der vi finn Gud sin tale til og handlingar med det jødiske folket gjennom århundra, finn vi svært mykje som kan kaste lys over hendingar med Jesus og ting han sa. Om vi i ein sum prøver å sjå kva som er den djupaste utfordringa Gud har overfor det jødiske folket, trur eg svaret er: At dei skal stole på Gud som sin Gud – heilt og fullt. Abraham får ros for at han trudde Gud. Det første bodet Gud ga gjennom Moses, var dette: 'Du skal ikkje ha andre gudar enn meg.' I Elia sin kamp mot Ba'alsprofetane på Karmel var kallet til å stole på den eine Gud, Herren, sjølve kjernen. Då Jesaia vart send til kong Akas som budde seg på forsvar av byen, var det med bod om at berre han heldt seg i ro og sette sin lit til Herren, så skulle det gå bra (Jes 7,4ff).

Kva freistingar er det Jesus får? Er det ikkje freistinga til å ikkje stole heilt på Gud, og i staden nytte makta som Guds Son til å sikre seg mat framfor å vente til tida var inne? Og var det ikkje freistinga

til å skaffe seg bevis på at han var Guds Son ved å sjå at englar ville berga han om han kasta seg ned – slik det står i Salme 91,11-12, i staden for å stole på røysta som lydte frå himmelen ved dåpen? Samstundes kunne det vere ein lettveint veg til å skaffe seg tilslutnad utan å gå den krevjande vegen mot liding og fornedring. Det siste gjeld ikkje minst den siste av freistingane – å få herredøme over alle rike i verda ved ‘enkelt’ å kaste seg ned og tilbe djevelen. Men det ville også vere den aller tydelegaste svikt i tilliten til Han som med røysta frå himmelen hadde kalla han Son sin. Men mot Jesus fann freistaren sin overmann – der var inga brest i trua eller tenesteviljen hans. Med å vise til Skrifta avviste han alle freistaren sine forsøk.

Jesus sto fast der vi fell

To av dei tre freistingane vart innleia med orda ‘Er du Guds Son, så ...’ Freistingane har altså berre meining som freisting dersom han faktisk er Guds Son. Slik står desse orda som ein tidleg presentasjon og stadfesting av Jesus som Guds Son.

Freistingane Jesus møtte, gjeld ikkje berre han sjølv og hans eiga tru og truskap. Det er ein test på om han står fast der vi menneske fell. Bibelens GT er ei underleg bok. Den fortel ikkje berre om trusheltar, men framfor alt korleis Gud gong etter gong viser miskunn når menneske gong etter gong fell i dei prøvingar og utfordringar dei møter. Jesu freistingar gjennom førti dagar og førti netter, må først sjåast på bakgrunn av Eva og Adam sitt fall i hagen. Akkurat som djevelen freista å få Jesus til å sjå eit stein-til-brød-under, eller få englar til å vise sitt nærvær, som eit gode – slik fekk slangen Eva til å sjå frukta som eit gode – dei kunne bli lik Gud! Og han fekk dei til å tvila på Gud. Slik kom det første og grunnleggjande fallet, som fekk følgjer for oss alle.

Dernest må Jesu freisting sjåast i samanheng med israelsfolket sine førti år med vandring gjennom ørkenen. Gjennom desse åra møtte dei utfordring etter utfordring der dei sleit med å halde oppe tilliten til Han som hadde kalla dei. Dei klaga over mangel på mat og drikke, og ynskte seg tilbake dit dei kom frå. Dei var sikre på at både Gud og Moses hadde gløymt dei, og laga seg i staden ein gullkalv dei kunne tilbe og følgje. Og då dei sto framfor det lova landet, stolte dei ikkje på Guds løfter, og våga seg ikkje inn. Gong på gong svikta deira tillit til Herren, og det ga dei førti ekstra år i øydemarka.

Det er verdt å merke at alle dei tre svara Jesus avviser freistaren med, er skriftord henta frå ord sagt i samanheng med vandrainga i øydemarka – i 5 Mos 6 og 8.

Jesus vart ståande der vi fell.

Jesus sigra for oss

Ved å sigre over freistaren la Jesus grunnlaget for å gå vidare på den vegen han starta på ved å la seg døype av Johannes. Gjennom dåpen gjekk han inn under alle dei misgjerningar vi legg av i vår dåp. Ved å bli ståande fast i freistingane kunne han, utan eiga skuld, halde fram på den vegen der han skulle bere våre fall til døden. Å freiste å få Jesus bort frå den tenesta, må ha vore det viktigaste målet for djevelen.

Freistingane i øydemarka var ikkje siste gongen han gjorde sine forsøk. Då Peter ville få Jesus bort frå vegen mot liding og død, såg Jesus det som Satan si røyst (Mt 16,22f).

Freistingane Jesus måtte gjennomleve hadde ikkje berre betydning for oppgåva som sonar for vår synd. Det er også grunnlag for at han fullt ut kan ha forståing for dei utfordringar og freistingar vi møter, vera oss til hjelp og gå i forbøn for oss – slik vi les i Heb 2,18; 4,15f; 7,25f.

Jesus som føredøme

Grunnlaget Jesu freistings-siger legg for tenesta han skulle utføre, er den viktigaste sida. Samstundes gjev han oss eit føredøme for korleis vi kan møte og sigre i freistingane som møter oss. Skrifta er tydeleg på at Gud også kan setje trua vår på prøve – men ikkje over evne, 1 Kor 10,13; 1 Pet 1,6f. Det mest grunnleggjande ved Jesus sitt føredøme, er at han held fast ved tilliten til Gud. Denne tilliten viser seg ved tillit til at Guds ord står fast og er å rekne med. Dernest gjev han oss sitt eksempel ved å bruke dette ordet i avvising av freistingane. Kvar av freistingane blir avvist ved å vise til Skrifta. Freistinga til å gjere brød av steinar, vart avvist ved å vise til ordet om at ‘mennesket ikkje lever berre av brød; mennesket lever av kvart ord som kjem frå Herrens munn’ 5 Mos 8,3 –

som også påminner om korleis Gud sytte for folket då dei trudde dei var utan mat. Då ga han dei manna, ein mat dei ikkje kjende. Og freistinga til å kaste seg ned frå tempelmuren, vart avvist ved å vise til at Gud bed oss ha tillit og overlate til han korleis han vil stadfeste sin truskap: 'De skal ikkje setja Herren dykkar Gud på prøve, slik som de gjorde ved Massa' 5 Mos 6,16. Massa – staden der folket klaga på at dei ikkje hadde vatn å drikke. Og til sist avviste han alle alternativ til å løyse utfordringane i livet på måtar som set Gud til sides, ved å vise til første bodet: 'Herren din Gud skal du tilbe, han og ingen annan skal du tena.'

Tillit til Jesus

Utfordringa vår som forkynnarar må vere å formidle tillit til Jesus – til hans komplette og fullførte soning for oss – til hans daglege omsorg for oss ved hjelp og forbøn – og å formidle tillit til at vi i våre utfordringar i tru og liv trygt kan byggje våre val på denne trua og på orda han har gjeve oss gjennom Skriften.

Knut Fredrik Sørheim

Pensjonert prest. Fritidsarbeidar og krunsstyrelar for Bergen krins av DNI.

knutforsheim@gmail.com